

Fra: Anne Vedvik
Sendt: 12.11.2015 10:09:45
Til: Vidar Arnesen
Kopi:

Emne: drosjeløyve
Vedlegg:

Det er noko uklårt korleis ein skal forstå e-post frå deg av 9. november 2015. Ordlyden er ingen klage på vedtak om tilbakekalling av 27.10.2015.

Samferdselsavdelinga legg til grunn at e-posten er meint som informasjon til samferdselsavdelinga om at du ikkje vil påklaga vedtaket og at du samstundes søker om 2 månaders avviklingstid frå tilbakekallingstidspunktet og med innlevering 31. desember 2015.

For det tilfellet at samferdselsavdelinga si forståing er rett, samtykker ein i at du leverer inn drosjeløyve R-548, reserveløyve R-919 og reserveløyve R-1045 den 31.12.2015.

Dersom du er ueining i det som kjem fram over, bed me om tilbakemelding straks.

Med helsing

Anne Vedvik
Seniorrådgjevar
Samferdselsavdelinga | Forvaltningsseksjonen

Tlf: 55 37 80 56
www.hordaland.no

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Vidar Arnesen [<mailto:vidar.arnesen@online.no>]
Sendt: 9. november 2015 10:53

Til: Anne Vedvik
Emne: drosjeløyve

Hei,

Jeg må få uttrykke min skuffelse over vedtaket som lå i min postkasse etter jeg kom fra ferie. Jeg ser at du ikke har tatt hensyn til at jeg var folkevalgt utover at jeg har fått det vederlaget som jeg fikk.

Jeg vet ikke hvordan jeg skulle kunne kjøre drosje etter jeg hadde gjort det jeg var valgt til å gjøre. Å være tilgjengelig er å være tilgjengelig hele døgnet. Jeg fikk først en stilling på 16,5 % som endte opp til slutt i 50 % på ettermiddag/kveld.

På denne tiden går ikke reservedrosjene, jeg kjørte R 919 og hadde faste ansatte på den ordinære. Men nok om det dette har jeg fortalt tidligere.

Jeg er anbefalt å anke på vedtaket av vår advokat i Norges taxieier forbund, men er usikker på om jeg ønsker å være drosjeeier lengre.

Du snakket en gang om to mnd oppsigelse før innlevering, jeg håper du kan stå ved dette og jeg levere inn løyvene mine til nyttår.

Ha en fortsatt fin dag.

Mvh
Vidar Arnesen

Sendt fra min iPad